



Martin Austevoll og Magne Huglen med Maxwill i stallen på Dønhaug. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Maxwill CN er ein danskfødt fire år gamal varmblodstravar som "bur" i Bergen Travpark. Han mellomlanda på Dønhaug nokre timar onsdag før ferda gjekk vidare til Danmark. Magne Huglen er ein av eigarane (no er han oppe i 25 prosent) og det var med stoltheit han presenterte hesten. Han er svært lovande.

Også ein annan uskedeling er medeigar – det er Eilif Myklebust junior som har 12,5 prosent. Det same har Mikkel Huglen, Per Wangensten og Jan Austevoll medan Øyvind Thorsson har 25 prosent.

No er det knapt eit år sidan hesten var kjøpt inn og det var tidlegare suskess-trenar Martin Austevoll som med sine gode kontaktar fekk tips om at dansken kunne vera eit godt kjøp. Han var son av Axwill, som kørde inn 2,5 millionar kroner og hadde ei bestetid på 1,12. Sonen var lite brukt, men hadde lovande tider bak seg.. Og råd frå Martin blir gjerne teke til følge, for mannen var lands-champion for kuskar fem gonger på 1970-talet. No er det sonen hans, Øyvind, som er fast trenar for Maxwill og kusk for hesten.

Til no har dansken køyrt inn 126.000 kroner og 110.000 av dei har kome inn etter at hesten vart kjøpt hit til landet. Det er eigarane svært fornøgde med og dei nemner spesielt prestasjonane sidan sesongstarten i vinter: Tre singlar, ein annanplass og ein diskvalifikasjon på fem startar, som har gjeve 50.000 kroner i kassa. Berre på dei to siste løpa er utbyttet 42.000.

Men kvifor skal han no attende til det landet han kjem ifrå? Fordi han opprinneleg er dansk kan han delta i løp i Danmark og denne helga stiller han opp i kvalifikasjon for den jyske fireårsmeisterskapen. Går han glatt igjennom der blir det deltaking i finalen 6. juli med sjanse til å køyre inn 175.000 kroner. Til no er bestenoteringa til Maxwill 1,17,9, men eigarane strekar under at han er god for ei langt betre tid. Kanskje ho kjem i Danmark?

Av Ola Matti Mathisen